



Jens H N Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16393 - 21/69909

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
21.10.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 355/10 Skjelanger

Tiltak: Slamavskiljar
Byggjestad: Gbnr: 355/10
Tiltakshavar: Jostein Tungodden Skjellanger
Ansvarleg søkjar: Jens H N Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.09.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Nabovarsling. Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Eigedom 355/8 Anny Skjelanger, Paradisvegen 32 og eigedom 355/12 Bernt Karstein Skjelanger, Skjelangervegen 1025 må nabovarlas.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla **innan 21.11.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av Forureiningsforskrifta § 12-5.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jens H N Bjordal

Jostein Tungodden Skjellanger

Grønlandsvegen 11

Roslandsvegen 1182

5918

5918

FREKHAUG

FREKHAUG